



**SIM**

Informasjon frå  
Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS

# SIM nytt

3/2008

September • Årgang 15



## Rett frå dunken

### Kontrollerer forhandlarar

Statens forureiningstilsyn skal i haust kontrollera fleire hundre forhandlarar av småelektronikk, for å sjå om dei overheld plikta til å ta imot, sortera, oppbevara og vidaresenda kasserte kvitevarer og elektriske og elektroniske produkt, sokalla EE-avfall.

Avfallsforskrifta slår fast at forhandlarar av EE-produkt vederlagsfritt pliktar å ta imot EE-avfall. Ikke alle gjer det. Som forbrukar har du rett til å levera inn kasserte EE-produkt i butikken utan å måtta betala for det, og utan å måtta kjøpa nye varer.

### Høgare bleietilskot

SIM har auka tilskotet til foreldre som vel å kjøpa tøybleier til borna i staden for papirbleier. Ved framvising av kvittering for kjøpte bleier kan ein få 1 000 kroner i tilskot. Søknad kan sendast elektronisk frå vår nettstad; [www.sim.as](http://www.sim.as). Ordninga er eit tiltak for å redusera avfallsmengda.



Kundehandsamar Sissel Lønning viser kjeldesorterings-rettleiarane som kan lastast ned frå [www.sim.as](http://www.sim.as).

## Kjeldesortering på framandspråk

SIM tilbyr no kjeldesorterings-rettleiing på ni framandspråk, i tillegg til norsk. Arka som viser kva for type bos som skal i kva for ein bosdunk, kan lastast ned frå SIM sin nettstad; [www.sim.as](http://www.sim.as), og skrivast ut på fargeprinter.

- Å kommunisera vår kjeldesorteringsordning til framandspråklege, kan vera ei utfordring. Vonleg

vert det enklare no, seier kundehandsamar Sissel Lønning i SIM og ber alle som har kontakt med framandspråklege om å gjera tilbodet kjent.

Rettleiarane finst på norsk, engelsk, tysk, spansk, russisk, polsk, litauisk, tsjetsjensk, somalisk og arabisk.



## Restavfallet skal brennast

Etter 1. juli 2009 vil ikkje restavfallet ditt bli køyrt til avfallsplassen i Svartasmøget, men til eit forbrenningsanlegg i inn- eller utland. Der skal energien i avfallet hentast ut.

Styresmaktene har bestemt at alt avfall som inneholder meir enn 10 % brennbart materiale skal brennast. Målet er å få ned mengda av metangass frå deponia, og å utnytta avfallsenergien betre.

SIM held på med å tilpassa seg den nye situasjonen. Eit anbod på transport og brenning av avfall er under utarbeidning.

- SIM sine kundar vil merka lite til endringane. Ordninga med tre bosdunkar vil halda fram som før. Det einaste er at innhaldet i restavfallsdunkane vil bli køyrt ein annan stad, seier dagleg leiar Terje Gilje i SIM.

Å brenna restavfallet, er dyrare enn å deponera det. Dermed vil også renovasjonsgebyret gå opp. Men SIM sine kundar er heldige i så måte.

- SIM har pengar på fond som selskapet vil bruka til å dempa gebyrauknen. Dermed vil det gå nokre år før våre kundar betalar det det eigentleg kostar å brenna avfallet, seier Gilje.

Avfallsplassen i Svartasmøget vil vera i bruk også i framtida, men aktiviteten vil gå kraftig ned. SIM vil også måtta byggja ein omlastestasjon for restavfall.



Aktiviteten på avfallsplassen i Svartasmøget vil gå kraftig ned når restavfallet i framtida skal brennast. Her frå eit av mange skulebesøk i Svartasmøget.



# Gjenbruk reduserer søppelberget

- **Du får den for 20 kroner. Nei, 15. Dagleg leiar Leif Ådnanes i NMS Gjenbruk Bremnes er i godlag og let vasen gå for underpris. Berit Jansen (32) er ikkje sein med å slå til.**

- **Denne passar perfekt på hybelen i Bergen. Eg er innom gjenbruksbutikken kvar gong eg er heime, og finn alltid noko nyttig, seier ho.**

NMS Gjenbruk Bremnes held til i kjellaren på Combi-bygget på Svertland og er ein av misjonsselskapet sine 31 gjenbruksbutikkar. Sal av brukte gjenstandar gjev misjonen inntekter. Dessutan er tiltaket med og reduserer søppelberget og behovet for å produsera nytt.

Gjenbruksbutikken er open kvar dag frå tysdag til laurdag. Den er full av lesestoff, steintøy, krystall, messing, lysekroner, kjøkenutstyr, pyntegjenstandar og møblar. NMS Gjenbruk tek i mot det meste, berre ikkje elektriske artiklar og klede.

- Me får varer frå privatpersonar på Bømlo og Stord. Pågangen er stor, så me treng eit lager. Det er dumt å måtta avvisa folk som vil hjelpe oss, seier Ådnanes.

Han er nettopp attende frå Tverborgvik med ein veggseksjon. Seinare på dagen skal han til Folderøyhamn for å henta varer der. Innhentinga skjer ved hjelp av ein tilhengjar som lokale verksemder har vore med og betalt.

### Mange hjelpestmann

Nær 40 hjelper til i butikken. Yngstemann er i 30-åra, eldste 86. Alle arbeider dugnad for misjonsselskapet og tek vakter eit par gonger i månaden.



*Eg finn alltid noko nyttig i gjenbruksbutikken, seier Berit Jansen (t.v.), her på skattejakt saman med mora Hjørdis.*

*Muntret på vakt. Ella Hallaråker (t.v.) og Martine Nesse.*



- Det er kjekt å vera her. Eg treff folk og føler det er bruk for meg, seier Martine Nesse (77). Ho har vore hjelpesmann i gjenbruksbutikken sidan starten 31. mai 2006.

Det meste som vert gjeve til gjenbruksbutikken, vert selt. Lite hamnar på dungen, i følgje leiaren.

- Etter kvart har me lært oss kva folk vil ha. Enkelte ting ryk ut på dagen, medan andre gjenstandar kan bli ståande eit par månader før dei vert selde. Men det aller meste får nye eigara, seier Ådnanes.

Det viktigaste er at gjenstanden er heil. Om den er sliten eller mott-eten, betyr mindre. Mange ynskjer seg slike ting, viser det seg.

Dei åtte første månadane i år omsette butikken for 308 000 kroner, 30 % meir enn tilsvarande periode i fjor. Besøket aukar, og kundane er i alle aldrar.

- Me oppmodar alle som har tenkt å kasta brukte gjenstandar om å kontakta oss først. Me kan seja om tinga kan få nytt liv eller bør gå på dungen, oppmodar Leif Ådnanes.

#### **Støtte frå SIM**

Dagleg leiar Terje Gilje i SIM er glad for gjenbruksbutikken på Bømlo.

- Den stimulerer til gjenbruk og avfallsreduksjon, og er dermed i tråd med føremålet til vårt selskap, seier han.

SIM er mellom dei som har gjeve tilskot til gjenbruksbutikken. Gilje seier at selskapet ikkje er framand for nye støttetiltak om tilsvarande butikkar skulle dukka opp. SIM gjev også støtte til arrangør av loppemarknad og eksportør av sko og klede.

## **Byttebu på Kvinnherad miljøsentral**

Torsdag 28. august opna SIM si første "byttebu".

Den ligg ved Kvinnherad miljøsentral på Husnes og heiter "Godt brukande".

- Husnes er den første av våre miljøsentralar som får dette tilbodet. Blir det vellukka, kan det komma fleire, seier driftsleiar Kjell Egil Hollund i SIM.

I Godt brukande kan folk setja frå seg gjenstandar dei meiner er for gode til å kastast. Deretter kan andre komma og ta dei med seg. Dei som set frå seg gjenstandar i "byttebua" må betala restavfallspris for det, medan det er gratis å forsyna seg frå hyllene.

- Me oppmodar folk til å vera kritiske med kva dei set inn i bua. Gjenstanden skal rett og slett vera godt brukande, seier kundehandsamar Ove Tungesvik på Kvinnherad miljøsentral.

Alle som tek med seg gjenstandar frå Godt brukande, gjer det på eigen risiko og utan garanti.



Kundehandsamar Ove Tungesvik ynskjer velkommen til Godt brukande. Foto: Kvinnheringen.

## **Slamtømming i Austevoll**

SIM tømmer septiktankar i Austevoll kommune frå veke 38/08 til veke 11/09. Tømminga gjeld både heilårsbustader og fritidshus. Firmaet Johny Birke-land Transport AS gjer jobben på oppdrag for SIM.

SIM ber om at slamlundar legg til rette for at tømminga kan føregå på best mogeleg måte. Sjå tilsendt informasjonsblad eller vår nettstad; [www.sim.as](http://www.sim.as)

Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS  
Svartasmøget  
N-5419 Fitjar



*Villfyllingar, bilvrak og ureine strender er døme på forureining som irriterer folk, og som me kan få ordna opp i gjennom ryddedugnaden, seier Arild Vik.*

## Ryddedugnad i Stord og Fitjar

Ryddedugnaden som SIM starta i Bømlo kommune i vår, er no utvida til å femna også Stord og Fitjar kommunar.

- Aksjonen på Bømlo har gjeve oss nyttige erfaringar. No er me klare for to nye kommunar, seier dognadsleiar Arild Vik. – Går det greitt i Stord og Fitjar, vil me truleg køyra i gang i Kvinnherad, Tysnes, Austevoll og Sveio til våren.

Ryddedugnaden er finansiert ved hjelp av pengar som SIM-styret

har lagt til sides. Grunnen til den forsiktige starten, er at SIM ynskte å sjå korleis responsen var før ein sette i gang for fullt.

Alle innbyggjarar i Stord, Fitjar og Bømlo har fått informasjon i Posten om ryddedugnaden. Enkelt fortalt går den ut på at SIM ber folk tipsa selskapet om område som trengst å ryddast, og som har manglande rydding i dag. SIM skal ikkje sjølv stå for ryddinga, men vera ein aktiv medspelar i prosessen med å få rydda opp.

- Dersom du eller andre ynskjer å rydda eit område, skal SIM prøva å finna gode løysingar for avfallsleveringa. Dersom ingen ynskjer å rydda området, vil SIM prøva å finna fram til rette "eigar" av avfallet for å gje vedkomande råd og hjelpe, seier Arild Vik.

I grove tilfelle vil kommunen som forureiningsmynde verta kopla inn.

Les meir på [www.sim.as](http://www.sim.as).



## Opningstider miljøsentralane

### Austevoll, Porsdalen

Torsdag kl. 10.00 – 18.00.  
Annankvar laurdag (oddetalsveker)  
f.o.m. 1. april t.o.m. 30. september  
kl. 09.00 – 14.00.

### Bømlo, Hollundsdalen

Tysdag og torsdag kl. 12.00 – 18.00  
Annankvar laurdag (oddetalsveker)  
f.o.m. 1. april t.o.m. 30. september  
kl. 09.00 – 14.00.

### Fitjar og Stord, Svartasmøget

Måndag kl. 08.00 – 18.00  
Tysdag – fredag kl. 08.00 – 15.30  
Annankvar laurdag (partalsveker)  
kl. 09.00 – 14.00.  
Torsdagar f.o.m. 1. april t.o.m.  
30. september kl. 08.00–18.00.  
Julaftan og nyttårsaftan stengt.

### Kvinnherad, Husnes industriområde

Tysdag og fredag kl. 08.00 – 13.00  
Måndag og torsdag kl. 13.00 – 18.00  
Annankvar laurdag (partalsveker)  
f.o.m. 1. april t.o.m. 30. september  
kl. 09.00–14.00.

### Sveio, Sveiåsen

Måndag kl. 10.00 – 18.00  
Annankvar laurdag (oddetalsveker)  
f.o.m. 1. april t.o.m. 30. september  
kl. 09.00–14.00.

### Tysnes, Eredalen

Tysdag kl. 10.00 – 18.00  
Annankvar laurdag (partalsveker)  
f.o.m. 1. april t.o.m. 30. september  
kl. 09.00–14.00.



Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS  
Svartasmøget, N-5419 Fitjar  
telefon: 53 45 78 50  
telefaks: 53 45 78 60  
e-post: sim@sim.as  
[www.sim.as](http://www.sim.as)